



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 143 L

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i havenergilova
(utlysing og tildeling av areal)

Innhold

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4.2.3	Tildeling av område ved auksjon.....	15
			4.3	Departementet si vurdering	16
2	Bakgrunn og gjeldande rett	5	5	Økonomiske og administrative konsekvensar	18
2.1	Bakgrunn	5			
2.2	Gjeldande rett	6	6	Merknader til lovforslaget	18
3	Høringa	6			
4	Departementet sitt forslag	10		Forslag til lov om endringar i havenergilova (utlysing og tildeling av areal)	20
4.1	Høringsforslaget	10			
4.2	Synspunkt frå høringa	11			
4.2.1	Prekvalifisering	11			
4.2.2	Kvalitative kriterium ved tildeling av område.....	13			



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 143 L

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i havenergilova (utlysing og tildeling av areal)

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 30. september 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Departementet foreslår i denne proposisjonen endringar i lov 4. oktober 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova). Lovforslaget gjeld prosessen fram mot søknad om tildeling av konsesjon for produksjonsanlegg innanfor eit område som er opna for utvikling av fornybar energiproduksjon til havs. Dei foreslege endringane gir departementet heimel til å lyse ut og invitere til konkurranse om tildeling av område som er opna etter havenergilova § 2-2.

Departementet foreslår at det som hovudregel skal haldast ein konkurranse om areal for fornybar energiproduksjon. Departementet legg opp til at konkurranse om areal normalt vil gjennomførersom auksjon. Departementet foreslår vidare at departementet kan bestemme at eit område skal tildelast på grunnlag av andre objektive og ikkje-diskriminerande vilkår, og at departementet då kan fastsette storleiken på vederlaget. Lovforslaget seier også at departementet, i særlege tilfelle, kan tildele eit område etter søknad utan utlysing og konkurranse.

Lovforslaget handlar også om at ved ein tildeling av areal, må søkarar ha tilfredsstillande teknisk kompetanse og finansiell styrke, og oppfylle relevante krav til helse, miljø og sikkerheit. Det er vidare forslag om at departementet kan krevje at aktørane som vil delta i ein konkurranse om til-

deling av areal, skal prekvalifiserast før deltaktelsen. Ved utlysing kan departementet også sette andre objektive og ikkje-diskriminerande vilkår.

2 Bakgrunn og gjeldande rett

2.1 Bakgrunn

Havenergilova gir styresmaktene eit rettsleg rammeverk for forvaltninga av dei fornybare energiressursane til havs og inneheld reglar om prosessen fram mot tildeling av konsesjon. Departementet ser no behov for å regulere nærare krav om prekvalifisering av aktørar og konkurranse om tildeling av mindre område, innanfor eit område som er opna for utvikling av fornybar energiproduksjon. Føremålet med lova er å legge til rette for utnytting av fornybare energiressursar til havs i samsvar med samfunnsmessige målsetjingar, og for at energianlegg blir planlagde, bygde og disponerte slik at omsynet til energiforsyning, miljø sikkerheit, næringsverksemd og andre interesser blir ivaretekne.

Prosjekt innan fornybar energi til havs må gi ei positiv samfunnsnytte på sikt for at det skal gis konsesjon. For at det skal kunne vere positiv samfunnsnytte må fordelane med tiltaket, som mellom anna inkluderer verdien av kraftproduksjonen, vere større enn ulempene for allmenne interesser.

Det er stor interesse for dei to områda Utsira Nord og Sørlege Nordsjø II, som er opna for konsesjonshandsaming. Regjeringa har ambisjon om å opne fleire område til havs for utvikling av fornybar energiproduksjon i framtida.

I høyringsnotatet frå 2019 om forslag til forskrift om fornybar energiproduksjon til havs og forslag til opning av område etter havenergilova, stod det at styresmaktene har behov for styring med alle som melder si interesse når det blir opna for å søke om konsesjon. Det kan til dømes vere fleire søkarar i same tidsrom eller i same og nærliggande område. Det er difor behov for å fastsette reglar for prekvalifisering og økonomisk og kvalitativ konkurranse for vurdering av kven som eventuelt skal ha rett til å utvikle prosjekt i eit gitt område.

I samband med at havenergiforskrifta vart fastsett ved kgl.res 12. juni 2020, var det også varsla behov for endringar i havenergilova. Dette er følgd opp med ei høyring 11. juni 2021, av rettleiar for arealtildeling, konsesjonsprosess og søknadar for vindkraft til havs, og forslag til endringar i havenergilova og havenergilovforskrifta. Høyringsinnspela blei oppsummerte i Meld. St. 11 (2021–2022) *Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021) Energi til arbeid - langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser*, som blei lagt fram 8. april 2022.

I tilleggsmeldinga går det fram at regjeringa legg opp til at områda i Sørlege Nordsjø II skal tildele gjennom auksjon, medan områda i Utsira Nord vil bli tildelt basert på kvalitative kriterium som legg til rette for innovasjon og teknologiutvikling. For å sikre ei rasjonell utbygging av nett til havs, vil Statnett få ei planleggingsrolle i tillegg til systemansvaret til havs. Det første prosjektet på Sørlege Nordsjø II skal forsyne fastlands-Noreg med kraft, medan nettløysning for det andre prosjektet vil avgjerast i etterkant av ei utgreiing av verknadar på kraftsystemet av ulike nettløysningar for vindkraft til havs. Regjeringa har starta arbeidet med å identifisere nye område for fornybar energiproduksjon til havs og vil legge til rette for gjentatte rundar med opning og tildeling av areal for ei langsiktig satsing på havvind framover. Omsynet til sameksistens med andre næringar til havs vil stå sentralt i dette arbeidet.

2.2 Gjeldande rett

Havenergilova kapittel 2 inneheld føresegn om planlegging og opning av areal med sikte på tildeling av konsesjon. I lova kapittel 3 er det føresegn om konsesjonar for produksjons- og nettanlegg, krav til konsesjonssøknad og om hand-

saminga av konsesjonssøknadar og detaljplan mv. Elles har lova føresegn om sakshandsaming ved konsekvensutgreiingar, reglar om tryggleik, nedlegging og oreiing. Vidare har lova føresegn om systemansvar og utførsel og innførsel av elektrisk energi samt føresegn om skadebot til fiskarar i Noreg og føresegn om kontroll og straff m.v.

Etter gjeldande rett inneheld ikkje havenergilova føresegn om korleis ein skal dele opp dei opna område inn i mindre område med sikte på utlysing av desse for konkurranse. Lova har heller ikkje reglar om korleis ein skal tildele areal til aktørane som vil utvikle fornybar energiproduksjon til havs dersom fleire er interesserte. Departementet foreslår difor føresegn om utlysing av område for produksjon av fornybar energi og om konkurranse mellom aktørane for å få ein rett til å utvikle eit prosjekt.

Havenergilova inneheld i dag heller ingen reglar om prekvalifisering av aktørar som ønsker å delta i ein konkurranse om tildeling av eit område. Departementet foreslår endringar om at dei aktørane som vil utvikle fornybar energiproduksjon til havs må ha teknisk kompetanse, finansiell styrke og oppfylle relevante krav til helse, miljø og sikkerheit for å kunne delta i ein konkurranse og få tildelt konsesjon.

3 Høyringa

Olje- og energidepartementet sende 11. juni 2021 på høyring eit forslag til endringar i havenergilova og havenergilovforskrifta samt eit utkast til ein rettleiar for arealtildeling, konsesjonsprosess og utforming av søknadar for vindkraft til havs, med høyringsfrist 20. august 2021. Høyringsdokumenta blei sendt til følgjande institusjonar og organisasjonar:

Departementa
Fylkeskommunane
Statsforvaltarane
1-Tech SPRL
ABB AS
Agder Energi AS
Aibel
Aker Solutions
Aker BP
Akvaplan-Niva A/S
Andøy kommune
Arctic Cluster Team
Avinor AS
Bremanger kommune
Coast Center Base AS

Den Norske Advokatforening	Kraftfylka
Det norske maskinistforbund	KS – Kommunesektorens organisasjon
Direktoratet for arbeidstilsynet	Kystrederiene
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Kystverket
DistriktsEnergi	Landsorganisasjonen i Norge
DONG Norge AS	Landssamanslutninga av vasskraftkommunar
Drivkraft Norge AS	Landssammenslutningen av norske vindkraftkommuner
Dr. Techn. Olav Olsen	Line Skår
EL & IT forbundet	Luftfartstilsynet
Energi Norge	Lurøy kommune
Enova SF	Lyse Energi AS
Equinor	MacGregor Norway AS
Fellesoperativt hovedkvarter	Maritimt forum Nord-Norge
Finansnæringens Hovedorganisasjon	Marine Energy Test Centre
Fiskarlaget Nord	Meteorologisk Institutt
Fiskebåt	Miljødirektoratet
Fiskeridirektoratet	Miljøstiftelsen Bellona
Floating Power Plant AS	Motvind Norge
Fjordfiskeremnda	Motvind Sør Vest
Forsvarsbygg	Multiconsult Norge AS
Forum For Marin Fornybar Energi	Naturvernforbundet
Forum for utvikling og miljø	Naturvernforbundet i Åfjord
Framtiden i våre hender	Natur og Ungdom
Fred Olsen Renewables	NCE Aquaculture
Fridtjof Nansens institutt	NHO
Future Tecknology	NHO Sjøfart
GCE Node	NITO
GCE Ocean Technology	Njordr
GCE Blue Maritime	NoFima
Gassco AS	NORCE
Gassnova	Nord Pool ASA
Greenpeace Norge	Nordic Wind AS
Greenstate Energy	Nordisk Skipsrederforening
Hadsel kommune	Nordlands Fylkes fiskarlag
Hammerfest kommune	Norges Fiskarlag
Haugaland Vekst	Norges Fiskerihøgskole
Hasvik kommune	Norges Forskningsråd
Havforskningsinstituttet	Norges Fritids- og småfiskerforbund
Havgul AS	Norges geologiske undersøkelser
Helga Gilberg	Norges Kystfiskarlag
Hildegunn Vederhus	Norges Miljøvernforbund
Hovedorganisasjon Virke	Norges Naturvernforbund
Hovedredningssentralen i Nord-Norge	Norges Rederiforbund
Hovedredningssentralen i Sør-Norge	Norges Råfisklag
Hurtigbåt Forbundet	Norges Sjømatråd
Hurtigruten ASA	Norges vassdrags- og energidirektorat
Hydroelectric Corporation	Norsk Havneforening
iLaks	Norsk Hydro ASA
Innovasjon Norge	Norsk Industri
Institutt for energiteknikk	Norsk institutt for luftforskning
John Fiskvik	Norsk institutt for naturforskning
Karlsøy kommune	Norsk olje og gass
Kartverket	Norsk ornitologisk forening
Kinn kommune	Norsk Petroleumsforening
Kjersti Sollien Iversen	

Norsk Polarinstitutt
 Norsk Sjøoffisersforbund
 Norsk Villfisk
 Norsk Villaks
 Norsk Zoologisk forening
 Norske Samers Riksforbund
 North Connect KS
 NORWEA
 Norwegian Energy Partners
 Norwegian Energy Solutions
 Norwegian Offshore Wind Cluster
 NTNU
 Ny Energi
 Offshore Power Plant
 Oljedirektoratet
 Olje og Gassklynge Helgeland
 OWEC Tower AS
 Pelagisk Forening
 Per Arve Hugdal
 Petoro AS
 Petroleumstilsynet
 Redningsselskapet
 Regjeringsadvokaten
 Riksantikvaren
 RWE Renewables
 Rødøy kommune
 SAFER
 Samarbeidsrådet for biologisk mangfold
 Samarbeidsrådet for naturvernsaker
 Sametinget
 Samfunnsbedriftene
 Seatower AS
 Shell Norge
 Simens AS
 SINTEF energiforskning AS
 Sjøfartsdirektoratet
 Sjømat Norge
 Statens havarikommisjon for transport
 Statens Strålevern
 Statistisk sentralbyrå
 Statkraft SF
 Statnett SF
 Stavanger kommune
 Sway AS
 Sør-Norges Trålerlag
 Søkaven AS
 Technip FMC Norge
 Tekna
 Tromsø kommune
 Træna kommune
 Unitech
 Universitetet i Oslo, Nordisk Institutt for Sjørett
 Universitetet i Oslo, Senter for europarett
 Universitetet i Bergen
 Universitetet i Stavanger

Utsira kommune
 Vestavind Kraft AS
 Vest-Finnmark Kystfiskarlag
 Vestvågøy kommune
 Vågan kommune
 WWF
 Yrkesorganisasjonenes sentralforbund
 ZERO
 Øksnes kommune

Departementet fekk i alt 155 høyringsfråsegner.

Dei fleste høyringsinstansane uttalte seg ikkje om sjølve lovforslaget, men gir først og fremst ei tilbakemelding på auksjonsmodellen og innhaldet i forslaget til forskrift og korleis tildelinga bør vere.

Departementet fekk også ei rekke fråsegner frå privatpersonar som først og fremst inneheld generelle kommentarar til utvikling av vindkraft til havs. Desse vert ikkje nærare omtala i det følgjande.

Følgjande instansar uttalte seg om lovforslaget:

Agder Energi AS
 Agder fylkeskommune/Regionalpolitisk gruppe i Agder
 Aker Solutions
 Belgian Offshore platform
 BKK
 BP pcl
 Deep Wind Offshore
 Den Norske Advokatforening
 Energi Norge
 Equinor
 Fiskebåt
 Fiskeridirektoratet
 Fred Olsen Renewables
 GCE Ocean Technology
 Greenstat Energy
 Hafslund Eco
 Hydro Energi
 Kongsberg Gruppen
 Kraftfylka
 LO
 Lyse
 Magnora
 Maritimt forum
 Motvind Norge og Motvind Sørvest
 Naturvernforbundet
 NHO
 Nito
 Nordland fylkeskommune
 Noregs fiskarlag
 Norog

Norsea	Floating Power Plant AS
Norsk havvind	Fjordfiskenemnda
Norsk Ornitologisk forening	Forsvarsbygg
Norseman	Forum For Marin Fornybar Energi
NOVI Securities AS	Forum for utvikling og miljø
NOWC	Framtiden i våre hender
NVE	Fridtjof Nansens institutt
Offshore Power Plant	Future Tecknology
Oljedirektoratet	GCE Node
Olje og gassklynge Helgeland mf.	GCE Blue Maritime
Parkwind	Gassco AS
Petroleumstilsynet	Gassnova
RWE	Greenpeace Norge
Sabima	Hadsel kommune
Samfunnsbedriftene Energi	Hammerfest kommune
Seagust	Haugaland Vekst
Shell	Hasvik kommune
Sintef	Havforskningsinstituttet
Sola kommune	Havgul AS
Statsforvalteren i Vestland	Helga Gilberg
Stavanger og Sandnes kommunar,	Hildegunn Vederhus
Utsira kommune	Hovedorganisasjon Virke
Vårgrønn	Hovedredningssentralen i Nord-Norge
Vårgrønn	Hovedredningssentralen i Sør-Norge
Wind catching systems	Hurtigbåt Forbundet
WindEurope	Hurtigruten ASA
Ørsted	Hydroelectric Corporation
Følgjande instansar hadde ingen merknadar til lovforslaget:	iLaks
Alle fylkeskommunar	Innovasjon Norge
Alle statsforvaltarar	Institutt for energiteknikk
1-Tech SPRL	John Fiskvik
ABB AS	Karlsøy kommune
Aibel	Kartverket
Aker BP	Kinn kommune
Akvaplan-Niva A/S	Kjersti Sollien Iversen
Andøy kommune	Kraftfylka
Arctic Cluster Team	KS Kommunesektorens organisasjon
Avinor AS	Kystrederiene
Bremanger kommune	Kystverket
Coast Center Base AS	Landsorganisasjonen i Norge
Det norske maskinistforbund	Landssamanslutninga av vasskraftkommunar
Direktoratet for arbeidstilsynet	Landssammenslutningen av norske vindkraftkommuner
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Line Skår
DistriktsEnergi	Luftfartstilsynet
DONG Norge AS	Lurøy kommune
Drivkraft Norge AS	Lyse Energi AS
Dr. Techn. Olav Olsen	MacGregor Norway AS
EL & IT forbundet	Maritimt forum Nord-Norge
Enova SF	Marine Energy Test Centre
Fellesoperativt hovedkvarter	Meteorologisk Institutt
Finansnæringens Hovedorganisasjon	Miljødirektoratet
Fiskarlaget Nord	Miljøstiftelsen Bellona
	Motvind Norge
	Motvind Sør Vest

Multiconsult Norge AS
 Naturvernforbundet
 Naturvernforbundet i Åfjord
 Natur og Ungdom
 NCE Aquaculture
 NHO
 NHO Sjøfart
 NITO
 Njordr
 NoFima
 NORCE
 Nord Pool ASA
 Nordic Wind AS
 Nordisk Skipsrederforening
 Nordlands Fylkes fiskarlag
 Norges Fiskarlag
 Norges Fiskerihøgskole
 Norges Forskningsråd
 Norges Fritids-og småfiskerforbund
 Norges geologiske undersøkelser
 Norges Kystfiskarlag
 Norges Miljøvernforbund
 Norges Naturvernforbund
 Norges Rederiforbund
 Norges Råfisklag
 Norges Sjømatråd
 Norsk Havneforening
 Norsk Hydro ASA
 Norsk Industri
 Norsk institutt for luftforskning
 Norsk institutt for naturforskning
 Norsk olje og gass
 Norsk ornitologisk forening
 Norsk Petroleumsforening
 Norsk Polarinstitut
 Norsk Sjøoffisersforbund
 Norsk Villfisk
 Norsk Villaks
 Norsk Zoologisk forening
 Norske Samers Riksforbund
 North Connect KS
 NORWEA
 Norwegian Energy Partners
 Norwegian Energy Solutions
 Norwegian Offshore Wind Cluster
 NTNU
 Ny Energi
 Nye Stavanger kommune
 Offshore Power Plant
 Oljedirektoratet
 OWEC Tower AS
 Pelagisk Forening
 Per Arve Hugdal
 Peto AS
 Redningsselskapet

Regjeringsadvokaten
 Riksantikvaren
 RWE Renewables
 Rødøy kommune
 SAFER
 Samarbeidsrådet for biologisk mangfold
 Samarbeidsrådet for naturvernsaker
 Sametinget
 Seatower AS
 Shell Norge
 Simens AS
 SINTEF energiforskning AS
 Sjøfartsdirektoratet
 Sjømat Norge
 Statens havarikommisjon for transport
 Statens Strålevern
 Statistisk sentralbyrå
 Sway AS
 Sør-Norges Trålerlag
 Søkaven AS
 Technip FMC Norge
 Tekna
 Tromsø kommune
 Træna kommune
 Unitech
 Universitetet i Oslo, Nordisk Institutt for Sjørett
 Universitetet i Oslo, Senter for europarett
 Universitetet i Bergen
 Universitetet i Stavanger
 Utsira kommune
 Vestavind Kraft AS
 Vest-Finnmark Kystfiskarlag
 Vestvågøy kommune
 Vågan kommune
 WWF
 Yrkesorganisasjonenes sentralforbund
 ZERO
 Øksnes kommune

4 Departementet sitt forslag

4.1 Høyringsforslaget

I denne proposisjonen omtalar departementet dei innspela frå høyringa som gjeld forslaget til lov- endring. Høyringsfråsegn som inneheld kommentarar til forskriftsendringane og rettleiaren vil bli handsama i eigne prosessar.

I høyringsnotatet foreslo departementet ein ny § 2-3 i havenergilova om utlysning og tildeling av areal. Departementet foreslo at konsesjonsprosessen i eit opna område som hovudregel skal starte med at departementet deler området som er opna inn i fleire mindre område, og fastset maksimal

installert effekt for kvart einskild område. Det vart foreslått at departementet deretter normalt skal ta initiativ til at aktørane kan delta i ein konkurranse om areal. Dette skal gjerast gjennom ei utlysing. Utlysinga vil innehalde nødvendig informasjon om korleis konkurransen skal gjennomførast, mellom anna om fristar for registrering og eventuell prekvalifisering, krav til dokumentasjon, bod i auksjon og andre relevante tidsfristar m.m.

Med forslaget til ny § 2-3 første ledd første og andre punktum, vart det gjort klart at hovudregelen skal vere at eit eller fleire område innanfor eit opna område vert lyst ut og tildelt i konkurranse. Det gjekk fram av forslaget at departementet i særlege tilfelle kan velje å tildele område etter søknad utan utlysing. Slike særlege tilfelle kan vere dersom nokon vil utvikle eit prosjekt og ingen har fatta interesse for eit område som har vore opna ei stund.

Departementet foreslo ein ny heimel i § 2-3 første ledd tredje punktum om at staten kan krevja vederlag for tildeling av areal for energiproduksjon til havs. Det var foreslått at det som hovudregel skal haldast ein økonomisk konkurranse der storleiken på vederlaget blir avgjort ved ein auksjon. Det vart likevel foreslått at departementet kan bestemme at eit område skal tildelast på grunnlag av andre objektive og ikkje-diskriminerande vilkår. I slike tilfelle skal departementet fastsette storleiken på vederlaget. Dette gjekk fram av forslaget til § 2-3 annet ledd.

I høyringsnotatet foreslo departementet ein ny heimel i havenergilova § 2-3 tredje ledd om at søkarar må ha tilfredsstillande teknisk kompetanse og finansiell styrke, og oppfylle relevante krav til helse, miljø og sikkerheit for å kunne vere med i konkurransen om utlyst areal. Departementet kan krevje at føretaka skal søke om å bli prekvalifisert for å kunne vere med i ein økonomisk eller kvalitativ konkurranse. Det vil gå fram av departementet si utlysing om det vert stilt krav om prekvalifisering. Formålet med prekvalifisering er å sørge for at alle som deltek i konkurransen, oppfyller relevante HMS-krav og krav om tilstrekkeleg teknisk kompetanse og finansiell styrke til å kunne gjennomføre eit havvindprosjekt i det aktuelle området.

Den som vinn konkurranse om eit areal, blir gitt ein einerett til å få handsama melding om prosjekt til styresmaktene, og til å sende inn konsesjonssøknad for eit prosjektområde. Det aktuelle området vil då ikkje vere tilgjengeleg for andre aktørar som ønsker å utvikle eit prosjekt. I høyringa vart det foreslått at eineretten skulle vere tidsavgrensa. I høyringsforslaget var det tatt inn

ein ny § 2-3 fjerde ledd, der det gjekk fram at tildeling av areal gir ein tidsavgrensa einerett til å gjennomføre ei prosjektspesifikk utgreiing og til å søke om konsesjon for produksjonsanlegg innanfor det tildelte området.

Dersom melding eller søknad om konsesjon ikkje er sendt inn til styresmaktene innan fristen, og departementet heller ikkje har gitt fristforlenging, foreslår departementet at retten til det tildelte området fell bort. I høyringsforslaget vart det føresett at departementet i slike tilfelle kan avgjere om området skal lysast ut på nytt, eller om tildeling skal skje utan utlysing. Ved eit eventuelt avslag på søknad om konsesjon skal departementet også kunne avgjere om området skal lysast ut på nytt.

I forslaget til ny § 2-3 femte ledd gjekk det fram at departementet kan fastsette nærare reglar i forskrift, i tillegg til å fastsette vilkår for tildeling av areal.

4.2 Synspunkt frå høyringa

4.2.1 Prekvalifisering

Eit fleirtal av høyringsinstansane støttar departementet sitt forslag om ei prekvalifisering av selskap som ønsker å søke om konsesjon i dei opna havområda. Dei er likevel delte i synet på måten den vidare utveljingsprosessen skal gjennomførast på.

Dei fleste av aktørane som har uttalt seg om kvalifiseringa, meiner den beste måten å velje ut aktuelle kandidatar på, vil vere ei kvalifisering etter kvalitative kriterium. Det er stor einigheit om at auksjon ikkje vil vere ein eigna utveljingsmodell for dei første utlysingsrundane, men nokon meiner likevel at auksjon kan vere ei eigna form for utveljing når teknologien er meir moden.

Shell, *BKK* og *Lyse* peikar på at det er viktig med prekvalifisering uansett tildelingsmodell, og legg fram forslag om eigna kriterium for å prekvalifisere aktørar. *Equinor* ønsker høyring av dei endelege prekvalifiseringskriteria og dei kvalitative kriteria for å sikre at desse er hensiktsmessige, og viser til at dette er vanlig i andre land.

Norsk havvind viser til at kravet om at den som har konsesjon må vere ein juridisk person registrert i Noreg, gjer det vanskeleg å prekvalifisere konsortium utan at desse etablerer eit felles selskap. Dei peikar på at kravet om å levere årsrekneskap ekskluderer nystarta selskap. *RWE* er opptekne av at departementet må prekvalifisere konsortium i lag og ikkje kvart enkelt selskap åleine. Dei støttar den foreslåtte prekvalifiserings-

prosessen, men ønsker ei nærare klargjering om prosessen. Det vert peikt på at selskapa må få fleksibilitet til å organisere seg slik at dei kan møte krava som departementet fastset. Dei viser til at partnerane i eit konsortium bør bekrefte for departementet at selskapa i konsortiet har inngått ein avtale om å utvikle prosjektet med det føremål å utvikle eit prosjekt i det relevante området.

Fleire av høyringsfråsegnene peikar på krav om lokalt nærvære og innhald for å utvikle lokal og regional verdiskaping. *Norsk havvind*, *Utsira kommune*, *Kraftfylka*, *Stavanger* og *Sandnes kommunar*, *Deep Wind Offshore*, *NHO*, *Energi Norge* og *Nordland fylkeskommune* er alle opptekne av lokal og regional verdiskaping som skal bidra til leverandørutvikling, regional næringsutvikling og at basar bør ligge i Noreg. *Norsk havvind* meiner at kriterium for prekvalifisering bør inkludere krav om lokalt nærvære og innhald. *Utsira kommune* kommenterer kor viktig det er at departementet vektlegg positive ringverknader i prekvalifikasjonsprosessen. *RWE* peikar på at utvikling av havvind på Utsira Nord vil vere ein fordel for norske leverandørar, men meiner det ikkje bør settast krav om lokalt innhald. Dei peikar på at eit slikt krav kan føre til høgare kostnader og ikkje er i tråd med konkurranseregelverket.

Omsynet til andre næringar til havs er trekt fram som ein viktig premiss i samband med utveljinga av aktuelle aktørar. *Fiskebåt*, *Fiskeridirektoratet* og *Noregs fiskarlag* skriv at det er viktig at det allereie i prekvalifiseringsprosessen vert lagt stor vekt på kven av søkerane som i størst mogleg grad vil ivareta omsyna til fiskerinæringa. Dei meiner at ein bør krevja at deltakarane legg fram ein plan for framtidig opprydding og at dei kan stille nødvendig økonomisk garanti som sikrar opprydding. Dei meiner at ein må krevje dokumentasjon som underbyggjer prosjektet si lønsemd og effekten prosjektet har på miljøet. *Fiskeridirektoratet* meiner ein bør krevje fiskerifagleg kompetanse i prekvalifiseringa.

Krav til helse, miljø og sikkerheit (HMS) og krav til miljøomsyn er i stor grad trekt fram som viktige krav i samband med ein prekvalifiseringsprosess. *Petroleumstilsynet* peikar på at ein bør sjå hen til tilsvarande prosess innan petroleumsværksemnda for krava til helse, miljø og sikkerheit. Ein bør presisere at søker må dokumentere spesifikk kompetanse innan helse, miljø og sikkerheit i eiga organisasjon, og viser til den tilsvarande ordninga i petroleumsværksemnda. *Vårgrønn*, *Motvind Norge* og *Motvind Sørvest* understrekar viktigheita av HMS, internkontroll og miljøomsyn i samband med prekvalifiseringa. *Aker Offshore Wind* under-

strekar at prosjektet sine industrielle ringverknadar og vektlegging av miljøpåverknad bør bli vurdert ved tildeling av einerett, ikkje berre på tidspunktet for konsesjonssøknad. *Zero* vil at norske styresmakter skal ha som mål å sette ein høgast mogleg standard for utbygging av havvind når det gjeld krav til ivaretaking av miljø, natur, klima og med omsyn til materialval. *Zero* viser til at strenge krav om dette allereie vert stilt i den europeiske havvindmarknaden, og at det bør bli globale bransjestandardar. *Offshore Power Plant* foreslår også ei rekke miljø- og ressurskriterium som er svært prosjektspesifikke. *Statsforvaltaren i Vestland* og *Naturvernforbundet* trekker også fram nødvendig kunnskap og kompetanse knytt til natur og miljø. *Naturvernforbundet* vil at prekvalifiseringa legg vekt på ei skildring av aktøren si naturfaglege kompetanse og kva naturutfordringar selskapet ser for seg ved bygging og drift av vindkraftverk i utlysingsområdet. *Sabima* meiner føretaket må ha eit operativt, fungerande og dokumentert styringssystem for HMS og at ein må knytte kriteria til kompetanse og kapasitet til å ivareta naturmiljøet. *Fred Olsen Renewables*, *Hafslund Eco* og *Ørsted* peikar på at det bør bli sett særskilte høge krav til HMS-standard og beredskap. Ein bør også stille krav til erfaring med utvikling av komplekse prosjekt i sameksistens med miljø-, natur- og næringsinteresser. *Sola kommune* ønsker krav knytt til miljøkartlegging og konsekvensanalysar.

Krav til kompetanse og finansiell kapasitet er også trekt fram som nokon av dei viktigaste kriteria i ein prekvalifiseringsprosess. *Norsk ornitologisk forening* viser til at kunnskap, erfaring og finansiell kapasitet er sentrale element for kvalifisering av søkjarar. *Equinor* understrekar at det mellom anna må leggst vekt på erfaring med å planlegge og drifte store havvindprosjekt, HVDC-anlegg samt erfaring med å drive vindkraftverk langt til havs og under krevjande verforhold. Dei viser også til at det er viktig at selskapet har tilstrekkeleg soliditet. *Belgian Offshore Platform*, *Parkwind* og *Norsea* peikar på at det bør vere krav til erfaring med å bygge vindkraftverk til havs. *Vårgrønn* foreslår prekvalifiseringskrav som finansiell styrke, erfaring med konsekvensutreiing og samfunnsansvar og kompetanse om kraftnett, -marknad og -system. *Norseman* støttar kriteria i høyringsnotatet, men peikar på at utbygger må ha relevant erfaring med hybridløyningar. *Fred Olsen Renewables*, *Hafslund Eco* og *Ørsted* meiner ein må bruke kvalitative kriterium for å sile i prekvalifiseringa, mellom anna erfaring med å planlegge, bygge og drifte havvindprosjekt og nett, maritime operasjonar, kompetanse på kraftmarknads-

analyse, fysisk og finansiell handel, sikringsstrategiar og bilaterale kraftavtalar i Noreg og andre eventuelt tilknytte marknader. *Hydro Energi* meiner krav til marknads- og systemkompetanse bør vere tydelegare. Dei foreslår at ein skal inkludere informasjon rundt planlagt finansiering av prosjektet samt risikofordeling i konsortiet i prekvalifiseringa.

Det er også kome inn kommentarar rundt leverandørkjeda, og at forholdet til underleverandørane bør inkluderast i prekvalifiseringa. *NOWC* og *Nito* tilrår at departementet gjer greie for korleis dei ønsker å utvikle leverandørkjeda, og at denne skildringa vert gjort forpliktande for dei som får tildelt areal.

Hydro Energi meiner at kontraktstrategi som gjer greie for prinsipp for risikofordeling mellom leverandørar og utbyggar bør inkluderast i prekvalifiseringa. *Energi Norge* foreslår også at det vert lagt inn krav til lærlingplassar. *Olje og gassklynge Helgeland mf.* peikar på at føretaket sin kontraktstrategi er eit viktig kriterium i ei prekvalifisering, og er opptekne av kompetansebygging, innovasjon og forskning i tillegg til samarbeid med lokalt og regionalt forskingsmiljø.

Norsk Industri meiner det er viktig at prekvalifiseringa ikkje etterspør prosjektspesifikke opplysningar eller legg føringar for utvikling av havvindprosjekta, og *NVE* ber departementet vurdere om aktørar frå enkelte land utanfor EFTA og NATO kan prekvalifiserast på grunn av sikkerheitsomsyn.

4.2.2 Kvalitative kriterium ved tildeling av område

Det store fleirtalet av innspela som er motteke ønsker at konkurransen om areal for utvikling av vindkraft til havs skal tildelast på bakgrunn av kvalitative kriterium. I høyringsdokumentet la departementet opp til at konkurransen om arealet på Utsira Nord skal vere ein konkurranse basert på kvalitative kriterium, men foreslår ein auksjon om dei aktuelle områda Sørlege Nordsjø II.

Departementet har motteke svært mange innspel på kva for kvalitative kriterium som bør utgjere konkurransegrunnlaget der konkurransen skal avgjerast etter kvalitative kriterium. Innspela handlar i stor grad om tema som krav til teknologi og innovasjon, utvikling av leverandørkjeder, ringverknader for norsk industri og underleverandørar, kompetanse og gjennomføringsevne av prosjekta, finansiell kapasitet, krav til samfunnsøkonomisk verdiskaping og krav om korleis

prosjektet gir positiv klima- og miljøeffekt vekta opp mot naturinngrep.

Mange av instansane har uttalt seg om kompetanse og teknologiutvikling som kriterium. *NHO* peikar på kompetanse, erfaring og kompetanseutvikling som dei mest aktuelle kriteria i ein kvalitativ konkurranse. *Norwea* foreslår at ein kvalitativ konkurranse kan ta utgangspunkt i blant anna internasjonal relevans for teknologien, internasjonaliseringsstrategi for selskapet/konsortiet og skaleringsmoglegheiter på bakgrunn av teknologiutvikling. Vidare understrekar dei kor viktig det er med ein kontraktstrategi og involvering av underleverandørar, technologieigarskap, erfaring med operasjonalisering av ny teknologi og plan for nett- og kraftmarknadstilknytning der dette er relevant for konsesjonær.

NVOI Securities AS, LO, Shell/Lyse og *BKK* peikar på innovasjon, utvikling av leverandørkjeder og spesifikke krav til utviklar som viktige kriterium for å sikre teknologiutvikling, slik at desse sikrar kvalitet og lønsemd i prosjektet. *Oljedirektoratet* og *Kongsberg Gruppen* ønsker krav til moden teknologi og erfaring med utvikling av ny teknologi og kompetanseutvikling. *Equinor* meiner at departementet si forventning til teknologiutvikling og kostnadsreduksjonar for Utsira Nord bør gå fram av kvalifikasjonskriteria, og peikar på at kriteria bør rangerast ut frå søkaren si erfaring med å bygge ut og drifte flytande havvindprosjekt, demonstrere oppnådd kostnadsreduksjon for tidlegare prosjekt og demonstrere evne til å implementere ny teknologi i tidlegare prosjekt. *Seagust* viser til at flytande havvind er umodent, og at dei kvalitative kriteria bør baserast på søkarens og eigarselskapa sine prosessar, evner og referansar når det gjeld å utvikle verdikjeder, leverandørar, teknologi og løysingar generelt.

Statkraft trekker fram kriterium som industriell kompetanse og finansiell kapasitet, realisme og kvalitet i overordna prosjektplan og tidslinjer, kompetanse og erfaring frå leveranse av store prosjekt som utbygging av fornybar kraft, potensial for industrielle ringverknader, høg standard innan HMS og berekraft innan forskning, innovasjon og teknologiutvikling. *Parkwind* og *Norsea* meiner forskning og utviklingsaktivitetar frå utbyggar/konsortium også må vektleggast.

Hydro Energi peikar også på at kriteria må vise ei gjennomføringsevne i alle fasar av utbygginga, inkludert teknisk kompetanse og erfaring med styring av leverandørkjeda. Dei meiner at verksemd til havs skal vektleggast meir enn verksemd på land, og at HVDC-kompetanse også bør vektleggast, i tillegg til at aktørane har nøkkelkompe-

tanse og -ressursar internt i selskapet. *Aker Offshore Wind*, *NHO*, *Fred Olsen Renewables*, *Hafslund Eco* og *Ørsted* meiner at erfaring og kompetanse med havvindprosjekt og kompetanseutvikling er viktige kriterium i ei eventuell kvalitativ tildeling for Sørlege Nordsjø II. For Utsira Nord meiner *NHO* at kriteria bør avspegle kompetanse og erfaring på flytande vindkraftverk, i tillegg til teknologiskvalifisering.

Kriteria som *Deep Wind Offshore* og *Energi Norge* trekker fram for Utsira Nord, er kor stor del ny kostnadsreducerande teknologi prosjektet vil ha, kompetanse og kompetanseutvikling. For Sørlege Nordsjø II peikar dei på at kriterium som lokal kompetanse i bedrifta, prosjektkonsept, kunnskaps- og teknologiutvikling, kompetanse om kraftsystem og kraftmarknad vil vere relevante i ei utlysing.

Det har også kome fleire fråsegner om kriterium knytt til positive ringverknader for industrien for å sikre involvering av norske selskap. *Kraftfylka*, *Agder fylkeskommune/Regionalpolitisk gruppe i Agder* meiner kvalitativ konkurranse vil bidra til å gje eit mangfald i aktørbildet for havvind og sikre involvering av norske selskap innan FoU, innovasjon, industri og leverandørindustri. Dei meiner ein må stille tydelege forventningar til bruk av underleverandørar og moglegheit for verdiskaping. *Kongsberg Gruppen* ønsker også krav til nasjonale ringverknader og å vere til stades lokalt. *Deep Wind Offshore* og *Energi Norge* ønsker krav om lokal kompetanse i bedrifta, lokal verdiskaping og ein plan for konfliktreducerande tiltak. I tillegg peikar dei på at verknader for lokalt næringsliv og effektiv utnytting av areal vil vere viktige kriterium. *Norseman* meiner det er viktig å sjå på samfunnsøkonomien i prosjektet samt prosjektet sitt verdiskapingspotensial og industrielle ringverknader. *Hydro Energi* peikar på finansiell, kommersiell og organisatorisk evne og strategiske mål som legg til rette for skala, og dermed bidreg til å bygge framtidige sterke aktørar og miljø for dei neste utbyggingstrinna.

Aker Offshore Wind peikar på at dei kvalitative kriteria må bidra til industrielle ringverknader og bidra til å bygge opp norsk leverandørindustri, blant anna bidrag til kompetanseutvikling, bruk av faglært arbeidskraft og lærlingar.

Norsk Industri, *NOWC* og *Zero* er også opptekne av at dei kvalitative kriteria må sikre kvaliteten ved det planlagde prosjektet, mellom anna ved nasjonale ringverknader, verdiskaping og sysselsetting. Dei legg også vekt på korleis prosjektet styrkar norsk næringsliv og industriell utvikling, og at også små og mellomstore leverandørar kan

delta i konkurransen. *NOWC* er oppatt av berekraft for kvar enkelt fase, og anbefalar krav om bruk av lokalt og regional næringsliv.

Parkwind og *Norsea* viser til at prosjekt som aukar moglegheitene for norsk eksport bør vektleggast. Vidare må det dokumenterast tidleg involvering av lokalsamfunn og samfunnsmessig verdiskaping og erfaring frå tidlegare utbyggingsprosjekt for havvind. *Magnora* viser til at søknad om tildeling og kriterium bør inkludere prosjektspesifikt utredningsprogram, verknader for samfunn, innovasjon, lokale ringverknader og berekraft for kvar enkelt fase. Dei anbefalar at bindande overordna skildringar og kvantifisering av bruk av lokalt og regionalt næringsliv er del av søknad og tildelingskriterium.

Departementet merkar seg at nokon av dei innkomne merknadene ikkje ønsker krav om lokalt innhald; *RWE* meiner at lokalt innhald kan føre til høgare kostnader og kan også vere i strid med konkurransereguleringa. *Norges rederiforbund* ønsker at det skal leggast til rette for betre balanse i dei operative miljøa, slik at fleire kompetente selskap får betre moglegheit til å utvikle seg i Noreg. *Wind Catching Systems* meiner at arealeffektive konsept med stor internasjonal relevans vil vere avgjerande for å nå måla, og dette bør reflekterast i tildelingskriteria. *Aker Solutions* understrekar tydelege krav som kan målast og utveljingskriterium med mål om eit mangfald av aktørar, blant anna kriterium om standardisering av kontraktsformat og at søkerane bør gjere greie for forventa ringverknader.

Krav til miljø og berekraft er også vist til som viktige kriterium i samband med utveljinga av aktørar. *Statkraft* trekker fram kriterium som berekraft innan forskning, innovasjon og teknologiutvikling. *Norges Rederiforbundet* og *Aker Offshore Wind* peikar på at viktige kriterium er prosjektets CO₂-rekneskap, prosjektets berekraft, og korleis miljø- og klimapositive sider ved prosjektet veg opp for naudsynte naturinngrep.

Krava til konsortia som konkurrerer om dei utlyste områda er også omtalt i høyringsfråsegnene. *BP pcl* foreslår at det må stillast ei rekke krav til konsortia knytt til erfaring med forskning, innovasjon, erfaring med avanserte prosjekt til havs, tidsplan, HMS og finansiell kapasitet. *Vårgrønn* og *Agder Energi AS* meiner det også er viktig med kriterium som ein gjennomføringsplan, eit overordna prosjektkonsept, beredskap, nettløysing og kvalitet i KU-programmet. For Sørlege Nordsjø II peikar Equinor på at søkeren sine planar for korleis ein kan utvikle eit kostnadseffektivt hybridprosjekt, og innsikt i energimarkna-

dene, vil vere viktig. *Norog* viser til at ei realistisk tidslinje bør vere eit av kvalifikasjonskriteriene, samt kapasitet og utnyttingsgrad. *Hydro Energi* understrekar at departementet bør krevje at selskapa har ein plan for utbygging som leverer på styresmaktene sine ambisjonar og ein tidsplan til og med idriftsetting. Dei meiner at det også bør vere kriterium om forståing av drift og utvikling av kraftsystem. *Parkwind* og *Norsea* meiner at skildringar av kontraksstrategi og planlagt bruk av leverandørkjeder som vil gje klare samfunnsøkonomiske fordelar, bør vektleggast, i tillegg til prosjekt som kan demonstrere innovative og kostnadsreduserande tiltak i samband med flytande vind. Dette gjeld til dømes utveksling av nye løysingar innanfor logistikk, fabrikkasjon, installasjon og drift og vedlikehald.

Aker Offshore Wind meiner at det må fokuserast på gjennomføringskapasitet, og ein må stille krav om kompetanse, finansiell styrke og ei fornuftig tidslinje for gjennomføring av prosjektet. Dei peikar også på at ein må stille krav om etterleving av norsk arbeidslovgjeving og HMS-standarar. *Sola kommune* ber om at styresmaktene sett minimumskrav til innhald og omfang og at det blir stilt krav til dei forskjellige lisenshavarane om samarbeid og koordinering av arbeidet. *Fred Olsen Renewables*, *Hafslund Eco* og *Ørsted*, meiner at samspel med FoU- miljø, leverandørkjeda og systemoperatør må inngå i kvalifikasjonskriteria på Utsira Nord.

Departementet merkar seg *Norweas* ønske om at forslag til kvalifikasjonskriterium skal sendast på høyring før utlysing.

4.2.3 Tildeling av område ved auksjon

Dei fleste som har uttalt seg om auksjonar ved tildeling av område i Sørlege Nordsjø II er skeptiske til ei slik tildelingsform før teknologien er meir moden. Departementet merkar seg likevel at fleire er positive til å tildele område gjennom auksjon på sikt, men mange er usikker på korleis ein auksjon vil slå ut før teknologien er meir moden.

NHO peikar på at auksjon sikrar konkurranse på like kommersielle vilkår, og støttar saman med *Hydro Energi*, *Shell/ BKK/ Lyse* og *RWE* auksjon på generell basis. Dei er likevel samde om at auksjon ikkje bør brukast i første runde av tildeling på grunn av umoden infrastruktur og leverandørkjede, samt usikkerheit rundt marknadsløysingar.

Equinor er også einig i at auksjon kan vere den beste modellen i framtida for modne havvindprosjekt, men peikar på at usikkerheit knytta til marknadsløysingar og kostnader for hybridprosjekt

er vanskelege å prissette i ein auksjon, og meiner difor at auksjon i dag ikkje er eigna til å velje ut aktuelle aktørar for utbygging av vindkraft til havs.

Norwea peikar på at departementets moglegheit til å vere trygg på aktørane sin kompetanse og kontroll med prosjekta, bør styrkast utover den avklaringa som blir gitt i prekvalifiseringa, og meiner også at auksjon ikkje er ei eigna tildelingsform på noverande tidspunkt. Dei viser til at sjølv om botnfast havvind er ein moden teknologi, er den norske marknaden umoden. Dei meiner at ein rein monetær auksjon vil gje eit dårleg utgangspunkt for vurderinga av den samfunnsøkonomiske nytten av prosjekta.

Eit av argumenta mot auksjon som går fram av fleire av fråsegna er bekymringa om at ein slik form for konkurranse ikkje styrkar norsk verdiskaping og difor ikkje bidrar til norske ringverknader. Både *Magnora*, *GCE Ocean Technology* og *LO* peikar på dette. *Vårgrønn*, *BP plc* og *Martimt forum* peikar på at forholda ikkje ligg til rette for auksjon på dette tidspunktet, og at det ikkje vil vere optimalt for norsk leverandørindustri. *Kongsberg Gruppen* peikar på risikoen for at vinnarane av prisdrivande auksjonstildelingar blir utbyggjarar som brukar allereie etablerte verdikjeder, med det resultatet at ein ikkje utviklar lokal industri.

Norges rederiforbund og *Aker Solutions* trur eit auksjonsregime vil favorisere store internasjonale aktørar med etablerte organisasjonar som har kompetanse på auksjonar. *Norges rederiforbund* er difor bekymra for at det kan vere ein inngangsbarriere for nye norske aktørar. *Norseman* og *Greenstat Energy* meiner at ein rein monetær auksjonsmodell ikkje vil leie til det beste resultatet for heile samfunnet.

Eit anna motargument som går fram av fråsegnene er dei økonomiske verknadene. *Agder Energi AS* peikar på at ein auksjon kan føre til at utviklarar vel den billigaste løysinga, i staden for den beste løysinga. *Den Norske Advokatforening* ber departementet vere merksam på faren for at omsynet til kortsiktig gevinst frå auksjon går ut over omsynet til kompetanse, HMS og meir langsiktige økonomiske verknader. Dei peikar på at det er lite heldig at auksjon vert basert på eit grunnlag som først blir fullt ut utgreia etter at auksjonen er gjennomført. *Den belgiske energiministeren* trur auksjon vil ha ein negativ priseffekt for forbrukarar, og *Statkraft* og *WindEurope* meiner også det er for tidleg å innføre auksjon. Dei peikar på at dersom utlysinga av område vert tildelt etter ein auksjonsmodell må det setjast eit pristak.

Samfunnsbedriftene Energi peikar på at auksjon først og fremst er vald for å sikre staten inntekter. Dei meiner det er viktig å fokusere på innovasjon og teknologiutvikling ved å bruke kvalitative kriterium.

Stavanger og Sandes kommune er også mot auksjon før rammene er betre klarlagt. *Sintef, NTNU, Energi Norge, Aker Offshore Wind* og *Statkraft* anbefaler ei tildeling basert på kvalitativ konkurranse, og dersom det blir auksjon, meiner *Statkraft* og *Energi Norge* at dette bør kombinerast med kvalitative kriterium. Heller ikkje *Parkwind* og *Norsea* anbefalar ein 100 prosent auksjonsbasert modell. *Vårgrønn* viser i tillegg til den høge regulatoriske risikoen i samband med nettutbygging som gjer det vanskeleg å finne ein rett auksjonspris.

4.3 Departementet si vurdering

Regjeringa har eit mål om at satsinga på havvind mellom anna skal bidra til industriutvikling. Dette gjer ein mellom anna gjennom å etablere ein heimemarknad ved utlysning av havvindområder i Norge, der norske leverandørar med nærleik til marknaden og erfaring og kunnskap frå norsk sokkel har gode moglegheiter til å delta. Vidare vil regjeringa legge til rette for innovasjon og teknologiutvikling. Flytande havvind har potensial til å bli ei viktig kjelde til fornybar energiproduksjon både på verdsbasis og på norsk sokkel. Utbygging av vindkraft til havs vil gje auka utsleppsfri kraftproduksjon i Noreg. Det trengs for å møte aukande etterspørsel etter fornybar kraft.

I proposisjonen foreslår departementet eit klare rettsleg rammeverk for prosessen som leier fram til tildeling av konsesjon, med utgangspunkt i at denne prosessen skal vere transparent og ikkje-diskriminerande. Departementet foreslår, i tråd med forslaget som vart sendt på høyring, at det som hovudregel skal gjennomførast ein konkurranse om dei utlyste områda, og at denne startar med ei prekvalifisering av aktørane.

I prekvalifiseringa må aktørane oppfylle krav til teknisk kompetanse, finansiell styrke, og oppfylle relevante krav til helse, miljø og sikkerheit. Det er stor oppslutning rundt dette kravet frå høyringsinstansane, mellom anna peikar *Shell, BKK* og *Lyse* på at det er viktig med prekvalifisering uansett tildelingsmodell. Det kan også settast andre objektive og ikkje-diskriminerande vilkår for å bli prekvalifisert til sjølve konkurransen om tildeling av dei utlyste areala.

Departementet vil framleis foreslå ein ny heimel i havenergilova med dei mest sentrale vilkåra

for prekvalifisering, med moglegheit for at departementet kan stille eventuelle tilleggsvilkår i samband med utlysning av eit område. I prekvalifiseringa må aktørane oppfylle krav til teknisk kompetanse, finansiell styrke, og oppfylle relevante krav til helse, miljø og sikkerheit. Departementet viser til at det er stor oppslutning rundt desse krava frå høyringsinstansane.

Departementet vil framleis også foreslå at ei avgjerd om at selskap må prekvalifiserast og kva vilkår som er knytt til prekvalifiseringa skal trefast av departementet og kunngjerast før eller i samband med avgjerd om utlysning av areal. Hovudformålet med prekvalifiseringa er at alle selskap som konkurrerer om dei utlyste områda er kvalifiserte til å bygge, eige og drive fornybar energiproduksjon til havs, og er i stand til å gjennomføre eit prosjekt på ein forsvarleg måte innanfor gitte fristar.

Etter havenergilova § 3-5 er det som hovudregel berre ein juridisk person som er stifta etter norsk lov og er registrert i Føretaksregisteret som kan bli tildelt konsesjon. Departementet viser til innspel frå *Norsk havvind* om at kravet gjer det vanskeleg å prekvalifisere eit konsortium av deltakarar, utan at desse etablerer eit felles selskap. *RWE* meiner også at departementet bør prekvalifisere konsortium framfor kvart enkelt selskap. Etter departementet sitt syn er lovforslaget ikkje til hinder for at selskap som ønsker å utvikle eit prosjekt saman også kan bli prekvalifisert saman, slik at konsortiet samla dekkjer krava til prekvalifisering. Prekvalifiseringa må kunne gjerast utan at aktørane på dette stadiet i prosessen har danna eit juridisk selskap. Etter departementet si vurdering vil ein slik moglegheit vere i tråd med synspunkta i høyringa om at selskap må ha fleksibilitet til å kunne organisere seg slik at dei kan møte krava som departementet fastset. For at aktørane skal kunne prekvalifisere seg saman i eit konsortium, må dei i det minste ha ein bindande avtale om samarbeid om rettighetene som blir tildelt. Konsortium som får tildelt areal må, før innsending av konsesjonssøknad, danne eit eige føretak i tråd med havenergilova § 3-5.

Departementet vil framleis foreslå klargjering i havenergilova om at føretaka må ha tilfredsstillande teknisk kompetanse og finansiell styrke for å kunne bli prekvalifisert. Fleire av høyringsinstansane kjem med konkrete krav til teknisk kompetanse som dei meiner må leggjast til grunn i prekvalifiseringa. Departementet føreset at den tekniske kompetansen til selskapa må ligge på eit nivå som gjer dei i stand til å gjennomføre prosjektet, men at krava til teknisk kompetanse og finan-

siell styrke kan variere med storleiken på utlysingsområda og kva for teknologi eit område er eigna for. Føretaka må ha tilstrekkelege ressursar og personell til å kunne styre aktuelle operasjonar og aktivitetar i tråd med til ei kvar tid gjeldande regelverk.

Søkarane må oppfylle relevante krav til helse, miljø og sikkerheit. Dette må dokumenterast. *Petroleumstilsynet* oppfordrar i si høyringsfråsegn til å sjå på tilsvarende prosessar innan petroleumsværksemnda for krav til helse, miljø og sikkerheit. Departementet peikar på at HMS-krava i så fall må tilpassast prosjektet som skal byggast. Søkarane må kunne dokumentere spesifikk kompetanse innan helse, miljø og sikkerheit for konsortiet og tilpassa den værksemnda og dei oppgåvene konsortiet tek på seg.

Departementet viser til *NVE* sin merknad om at det må gjerast ei vurdering om aktørar frå enkelte land utanfor EFTA/NATO kan prekvalifiserast på grunn av sikkerheitsomsyn. Departementet merkar seg at omsynet til nasjonal sikkerheit må ivaretakast gjennom vurderingar av kva krav som skal settast i prekvalifiseringa.

Departementet meiner, i tråd med forslaget som vart sendt på høyring, at auksjon bør nyttast ved tildeling av areal for fornybar energiproduksjon til havs, men at departementet kan bestemme i utlysinga at den kan gjennomførast ved ein kvalitativ konkurranse eller ein kombinasjon. I høyringsforslaget vart det lagt opp til ein monetær auksjon, men auksjonen kan også innehalde element som vektlegg andre faktorar.

Regjeringa varsla i ein pressekonferanse 9. februar 2022 at det første havvindprosjektet i Sørlege Nordsjø II skal utviklast med radial til Noreg. Mellom anna uttalar *Vårgrønn*, *NHO* og *Energi Norge* i sine høyringsfråsegn, at eit havvindprosjekt med radial til Noreg vil ha behov for ei form for støtte. Det kan difor vere aktuelt å gjennomføre ein konkurranse om utlyste område som er knytt opp mot ei støtteordning. I høyringsnotatet var dette ikkje omtalt som eit eige alternativ. Departementet ser likevel at det kan vere behov for å halde ein form for auksjon der aktørane konkurrerer om å gjennomføre prosjektet med minst mogleg støtte. Døme på ein slik auksjon kan vere ein konkurranse om investeringstilskot eller differansekontraktar (Contracts for difference eller CFD-kontraktar), der aktøren som krev minst støtte, vinn konkurransen.

Dei fleste av høyringsinstansane er imot bruk av auksjon som tildelingsmodell. Det er samstundes nokre av høyringsinstansane, mellom anna *Shell/BKK/Lyse* og *NHO*, som meiner auksjon vil

vere ein eigna tildelingsmodell på sikt, når det er mindre usikkerheit, og den norske leverandørindustrien er meir moden. *Norsk Industri* er ein av fleire instansar som er bekymra for at auksjon ikkje vil føre til at det beste prosjektet for Noreg blir bygd ut, og at norske underleverandørar ikkje vinn fram.

Departementet viser til at krav om «nasjonalt innhald» som kriterium i ein konkurranse, som inneber at norske leverandørar skal prioriterast i prosjekta, ikkje vil vere i tråd med Noreg sine EØS-rettslege forpliktingar. Etter departementet si vurdering vil til dømes eit krav i lovgivinga om å bruke norske underleverandørar vere ei nasjonalbestemt forskjellsbehandling og ein restriksjon på retten til etablering, som vanskeleg kan rettferdiggjerast EØS-rettsleg på ein sakleg og forholdsmessig måte. Departementet viser også til at krav om nasjonalt innhald ikkje nødvendigvis vil sikre at ein bygger opp leverandørar som er konkurranse-dyktige i eit langsiktig perspektiv. Etter departementet si vurdering er andre verkemiddel meir tenlege for å stimulere norsk leverandørindustri til å bli konkurransedyktige og vinne kontraktar, enn det å sette krav om nasjonalt innhald i lovgivinga. Departementet peikar samtidig på at erfaringar frå andre land viser at det for ein aktør ofte kan vere ein fordel å kunne vise til lokale ringverknader, som kan gi betre oppslutning om tiltaka.

Nokre av høyringsfråsegna, mellom anna frå *Hydro Energi*, peikar på at det i dag er for stor usikkerheit knytt til regulering, lønsemd og kostnader til at aktørane kan prissette områda rett og legge inn velgrunna bod. På Sørlege Nordsjø II er lønsemda mellom anna avhengig av kva marknad kraftproduksjonen blir kopla til. Departementet viser til at det i første omgang berre vert lagt opp til å bygge vindkraft til havs som vert knytt til Noreg gjennom ein radial. Det vert lagt opp til at Statnett skal ha systemansvaret og ansvaret for å planlegge nettet til havs.

Departementet har gitt *NVE* i oppdrag å utgreie verknadene på kraftsystemet av ulike nettløysingar for vindkraft til havs. I tillegg har departementet bedt Reguleringsmyndigheten for energi (RME) om bistand til vurderingar knytt til reglane for nett til havs.

Departementet viser til at fleire høyringsinstansar er skeptiske til auksjon som tildelingsmodell. Etter departementet si vurdering er auksjon likevel den beste modellen for tildeling av retane til områda som kan byggast ut med dagens teknologi. Auksjon er ein effektiv og objektiv måte, samstundes som det vert sikra at fellesska-

pet får ein del av verdiane som kan hentast ut. Departementet vurderer det som krevande å halde ein kvalitativ konkurranse på område som i dag er eigna for kommersiell utbygging. Det vil vere fleire konsortium som har høg kompetanse og mykje erfaring frå både havvind, olje- og gassverksemd og kraftmarknaden. Departementet vurderer det som vanskeleg å finne målbare og objektive kriterium for å kunne skilje desse aktørane på ein god måte.

Departementet foreslår likevel at område i nokon tilfelle skal kunne tildelast etter kvalitative kriterium, til dømes der ein ønsker å utvikle umoden teknologi. Kvalifikasjonskriteriene skal då vere eit verktøy for å skilje mellom aktørane som allereie er prekvalifisert, og departementet vil vurdere det beste prosjektet på bakgrunn av målbare, objektive kriterium. Departementet har motteke mange innspel på kva for kvalifikasjonskriterier som bør ligge til grunn for å velje aktørar. Kva for kriterium som skal leggest til grunn, vil departementet komme tilbake til i utlysingsdokumenta. Departementet legg opp til å sende forslag til kriterium på høyring før departementet fastsett kva krav aktørane skal vurderast opp mot. Det vil bli avgjort i kvart enkelt tilfelle kva for tildeling som er best eigna når nye område vert lyste ut.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget vil innebere ei tydeleg og meir detaljert regulering av prosessen for tildeling av areal og påfølgande konsesjon i område som er opna for fornybar energiproduksjon til havs. Det vil bidra til klarare og meir føreseielege reglar for aktørane som vil søke om konsesjon, og for andre som vil bli påverka og følger prosessen for tildeling av konsesjon. Forslaget gjer det mellom anna rettsleg klarare kva kriterium som kan bli sett for ei prekvalifisering. Forslaget gjer også heimel til å tildele områder gjennom auksjon eller på grunnlag av kvalitative kriterium.

Dersom eit område vert tildelt ved auksjon, vil staten få inntekter som reflekterer verdien av området som blir tildelt for fornybar energiproduksjon til havs. Dersom tildeling skjer på ein annan måte enn ved auksjon, vil det vere opp til departementet å fastsette storleiken på vederlaget. Eit vederlag kan til dømes vere ei årleg arealavgift som skal gå til staten. Det er for tidleg å fastslå kor store kostnader dette kan medføre for aktøren som vert tildelt areal.

Lovforslaget vil føre med seg auka administrative kostnader i samband med utarbeiding av tildelingsmodell, utlysing og tildeling av areal. Dette er oppgåver som allereie ligg hos energistyresmaktene i dag. Kostnadene til sakshandsaming m.m. vert dekte innanfor energistyresmaktene sine budsjett.

6 Merknader til lovforslaget

I forslaget til ny føresegn i havenergilova § 2-3 *første ledd første punktum* foreslår departementet at hovudregelen for tildeling av eit eller fleire område innanfor eit opna område skal vere at området blir lyst ut og tildelt gjennom konkurranse. Departementet foreslår i *andre punktum* at departementet i særlege tilfelle kan tildele område etter søknad, men utan utlysing og konkurranse. Døme på slike særlege tilfelle kan vere der nokon vil utvikle eit prosjekt og ingen har fatta interesse for eit område som har vore opna ei stund. Føresegna skal gjere det mogleg for departementet å avgjere at område skal tildelast utan utlysing og konkurranse, der ein ser at det ikkje er tenleg med utlysing og konkurranse. I *tredje punktum* foreslår departementet at det kan bli kravd vederlag for tildeling av eit område.

I forslaget til § 2-3 *andre ledd første punktum* heiter det at sjølve tildeling av eit område skal gjerast anten ved auksjon, etter ei vurdering av andre objektive og ikkje-diskriminerande vilkår for søkeren, eller ved ein kombinasjon av desse. Departementet avgjer i det einskilde tilfellet kva type konkurranse området skal tildelast etter. Dersom eit areal vert tildelt ut frå kvalitative kriterium, kan departementet fastsette storleiken på eit eventuelt vederlag den som får ein retten må betale. Dette går fram av forslaget til § 2-3 *andre ledd andre punktum*.

Departementet foreslår i § 2-3 *tredje ledd første punktum* at det ved tildeling av areal må søkerane ha tilfredsstillande teknisk kompetanse og finansiell styrke og oppfylle relevante krav til helse, miljø og sikkerheit. I *andre punktum* foreslår departementet at departementet kan krevje at aktørane som vil delta i ein konkurranse om areal, skal prekvalifiserast før deltakelsen. Departementet kan etter forslaget til *tredje punktum* også fastsette andre objektive og ikkje-diskriminerande vilkår for prekvalifisering i utlysingsdokumentet. Alle aktørar som skal bli prekvalifiserte må vere i stand til å gjennomføre prosjektet, innanfor dei til ei kvar tid fastsette krava om helse, miljø og sikkerheit.

Departementet foreslår i § 2-3 *fjerde ledd* at den som får tildelt eit område, får ein tidsavgrensa einereitt til å gjennomføre ei prosjektspesifikk utgreiing og søke om konsesjon. Departementet kan halde ein ny konkurranse om området, viss søkaren ikkje har gjennomført utgreiinga av prosjektet og søkt om konsesjon før den fastsette fristen.

Etter forslaget til § 2-3 *femte ledd* kan departementet gi forskrift om vilkår for tildelinga av

område etter denne paragrafen. Vilkåra vil kunne variere ut frå området som vert lyst ut.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i havenergilova (utlysning og tildeling av areal).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i havenergilova (utlysning og tildeling av areal) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i havenergilova (utlysing og tildeling av areal)

I

I lov 4. juni 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs skal ny § 2-3 lyde:

§ 2-3 *Utlysing og tildeling av areal*

Eitt eller fleire område innanfor eit område som er opna etter § 2-2, skal som hovudregel lysast ut og tildelast gjennom konkurranse. Departementet kan i særlege tilfelle tildele eit område etter søknad utan utlysing og konkurranse. Det kan bli kravd vederlag for tildelinga.

Ved utlysinga skal departementet avgjere om tildelinga av eit område skal skje ved auksjon, ved ei vurdering av søkarane på grunnlag av objektive og ikkje-diskriminerande vilkår eller ved ein kombinasjon. Ved tildeling på ein annan måte enn ved auksjon, fastset departementet storleiken på det eventuelle vederlaget.

Ved tildeling av areal må søkarar ha tilfredsstillande teknisk kompetanse og finansiell styrke, og oppfylle relevante krav til helse, miljø og sikkerheit. Departementet kan krevje at aktørane som vil delta i ein konkurranse om tildeling av areal skal prekvalifiserast før deltakelsen. Ved utlysing kan departementet også sette andre objektive og ikkje-diskriminerande vilkår.

Den som får tildelt eit område får ein tidsavgrensa einerett til å gjennomføre ei prosjektspesifikk konsekvensutgreiing og å søke om konsesjon etter § 3-1 for produksjonsanlegg innanfor området.

Departementet kan gi forskrift om vilkår for tildeling av område etter denne paragrafen.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.